

Tenesteleiargruppa i Oppvekst har gått gjennom planen og tilhøyrande handlingsplan, og har følgjande innspel:

1 Innleiing

1.1 Mål og målgruppe

Siste avsnitt der det er lista opp ulike målgrupper: Barn og unge som målgruppe også for denne planen må komme tydeleg fram under *Inbyggjarar*

3. Utviklingstrekk:

3.1.2 «Alver-ungdommar er meir einsame og færre ventar å få eit godt liv»

Vi syns at denne overskrifta er litt tabloid, og negativt vinkla samanlikna med dei øvrige overskriftene i delkapittelet, og syns at denne bør byttast ut med ei meir positiv/nøytral formulering.

Når ein viser til Ung-data undersøkinga, bør det kome fram også nokre positive trekk, ikkje berre fokus på dei raude tala. Til dømes at kommunen ligg vesentleg under landsgjennomsnitt og fylkesgjennomsnitt for hushaldningar med låg inntekt og trange bustader, god score på bemanning i barnehage, høge gjennomsnittlege grunnskulepoeng mellom anna.

4.1 Aktivitets- og meistringstrapp

Veldig fin figur som er lett å lese.

4.1.1 Kategori 1 Tidleg innsats, helsefremjande og førebyggande arbeid

Bør det stå noko om kartlegging og ivaretaking av barna når det er sjukdom i heimen?

Barn av vaksne med psykiske vanskar?

Burde barnekoordinator vore nevnt her?

4.1.4 Kategori 4 Omsorg og behandling ved alvorleg sjukdom og funksjonssvikt

Burde det vore eit eige avsnitt om barn og unge med alvorleg sjukdom og funksjonsnedsetting

5. Mål og vegval:

Vi saknar noko om barn som pårørande